

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi forklaringsdag – 20. februar 2022

Preiketekst: Luk 9, 28-36

Lesetekst I: 2 Mos 34, 27-35

Lesetekst II: 2 Kor 3, 12-18

Fjelltur – med forklaring, forvirring og fascinasjon

I kyrkjeåret har me kome til Kristi forklaringsdag. Ein gamal kyrkjeleg festdag, heilt frå 400-talet. I kyrkjene i vest var dagen lenge plassert tidleg i august. Hå oss kom dagen inn som fast markering i 1977, mellom, eller som ei bru frå openberringstida til fastetida. Der står han seg godt. Frå jule- og nyttårstekstane og gjennom openberringstida har me sett meir og meir av kven Jesus er. No når me snart går inn i fastetida, ser me klårare at veggen går via lidning, krossfesting og død.

OL i Beijing

I naturen vert det stadig lysare. Det er to månadar sidan vintersolverv. Dagane litt lenger for kvar dag. Etter planen er denne dagen også den siste for vinter-OL. Kanskje har me bak oss ein periode med mykje heider og ære for gode norske sportsprestasjonar? Kjenner me kinesarane rett, vil dei også syta for ei fascinerande og spektakulær avslutning – med mykje ljøs og herlegdom! Lenge rådde det ei uvisse om OL let seg gjennomføra. Mange meiner heile arrangementet skulle vore avlyst. Både på grunn av smittesituasjonen, men også avdi det vert skipa til i Kina. Den saka får liggja her. I skrivande stund vert det avklara kven som får delta i Beijing.

Tid for bønn

«Om lag åtte dagar etter dette». Slik startar teksten. Kva etter? Jau, Jesus var saman med læresveinane, etter at han var for seg sjølv i bøn. Då spør Jesus dei: Kven seier folk at eg er? Då er det ein av dei som foreslår Elias, medan Peter kjem med sitt sterke: Du er Guds Messias. Så forkynner Jesus at han skal lida mykje, og at dei som vil gå i hans fotspor, må vera innstilte på det same. Ja, den som vil berga livet sitt, skal mista det, seier han til venene og medarbeidarane.

Sanneleg må dei ha fått mykje å tenkja på, gjennom dei åtte dagane som gjekk – før Jesus inviterer Peter, Johannes og Jakob med på fjelltur. Målet med turen var at dei skulle opp i høgda for å be (vers 28).

Tradisjonen har plassert denne forteljinga på fjellet Tabor. Men korkje Lukas eller dei andre evangelistane set namn på fjellet. Lenger nord ligg Hermon, som er høgare, men som ikkje

heilt passer til det som kjem etter teksten. Bibelen er jo elles «full» av store og viktige hendingar som skjer på eit fjell. Dette er eit trekk også ved fleire andre store og små religionar.

Forklaring eller forvirring?

Men kva skjedde der oppe eigentleg? Passer det å kalla dagen for ein «forklaringsdag»? Kva vart forklara, i så fall? Ligg forvirring nærare i tanken enn forklaring? I dag ville me kanskje nytta ordet fascinasjon!? Det synest i alle fall tydeleg at dei tre læresveinane som fekk vera med, ikkje heilt forstod kva det dreia seg om. På den eine sida vart dei redde. På den andre sida ville dei gjerne verta verande der, konferer Peter sitt kostelege forslag om hyttebygging. Dei skinande, kvite kleda, andletet til Jesus som endra utsjånad, dei to mennene frå den gamle tida som stod der og som tala om Jesu bortgang, som skulle fullbyrdast i Jerusalem. Og til slutt skya som kom over dei, og røysta frå himmelen som sa: Dette er Son min, den utvalde. Høyr han!

Det må ha gjort mange slags inntrykk på dei! Eg forstår derfor godt at dei tre læresveinane let vera å fortelja dette til nokon (vers 36). Kva skulle dei fortalt om dei hadde truffe nokon som ville høyra på dei? Var det heile berre ein draum, ein visjon? Med tilhøyrarar som tenkte at no er dei i sjeleleg og mental ubalanse?

Men det er gode opplevingar når Herren av og til syner oss glimt av sin eigen stordom og herlegdom. Det kan skje både når me er høgt oppe, og når me er lågt nede. Men som regel er det berre glimt me får. Også Moses og andre menn og kvinner i Bibelen fekk oppleva det. Å sjå Guds andlet er elles uforeinleg med å leva. Det har me til gode til me skal sjå han andlet til andlet, fullt ut forklara!

Ned frå fjellet

Kva er det me opplever på ein fjelltopp? Er det klårvær, får me eit storslagent utsyn over naturen rundt. Somme gonger opnar det seg eit panorama som kan gje ilingar gjennom kropp og sjel. Når ein er høgt oppe, ser landskapet rundt ein nokså flatt ut. Ein ser ikkje dalane og kløftene, sjølv om ein veit at dei er der. Og der oppe får ein ei rar fridomskjensle. Og både i bokstavleg og overført tyding: Ein har god kontakt og god sikt oppover! Ein god plass å be, med andre ord. Det er på alle måtar flott å vera på fjellet. Også jærbuar har sans for det!

Frå i morgon av er det kvardag att for den store skaren av OL-deltakarar. Også for dei tre i teksten gjekk vegen ned att etter den visjonære fjellturen. Det er der livet skal levast, arbeidet skal gjerast, nede på slettene, i dalane, der det både er kløfter og skar. Der er kvardagen vår. Kor godt å vera trygg for at Herren går med oss alle dagar, kvar me enn er, endåtil i «dødsskuggens dal». Men glimta av hans veldige stordom og herlegdom tek me godt vare på, sjølv om slike opplevingar som regel er kombinerte med frykt og redsle.

Vitne med frimot

Me som kan lesa Bibelen, etter to tusen år med kristne røynsler, skal ikkje rista på hovudet over at dei tre ikkje heilt forstod. Det hadde ikkje me heller gjort. Det er utfordrande nok enn i dag å kunna gripa kva Gud gjorde for vår frelse, og at vegen hans gjekk gjennom liding og fornedring. Og at han på den måten ville syna sin stordom og herlegdom.

Og no treng me ikkje teia om det me har sett og høyr. Tvert imot. Vel, det kan vera eigne og heilt personlege opplevingar som ikkje skal meddelast til omverda. Men det Gud har gjort for

vår frelse, det han har synt oss; det skal me med frimot vitna om, for jøde og grekar, for dei nær ved oss og dei langt borte.

Lett å sovna

Det er elles mange einskildtrekk frå teksten som er viktige og som gjerne kan dragast fram i ein andakt eller preike. Det er til dømes dei tre same læresveinane her på fjellet, som seinare fekk vera med i bønekampen i Getsemane. Både på fjellet og i hagen kom svevnen over dei. Er det ikkje merkeleg, at dei – og me – ofte held på å sovna når noko så stort og viktig skjer rett framføre augo våre? Må det så kraftige saker til for at me skal verta vekte?

Me legg merke til skya som kom over dei, og som me kjenner att frå ørkenvandringa, og særleg då Moses fekk leirtavlene på Sinai. Guds røyst seier her på fjellet om lag det same som ho sa då Jesus noko tidlegare vart døypt i Jordan av døyparen Johannes: Dette er Son min, den utvalde. Høyr Han!

Moses og Elias

Og så står Moses og Elias der, begge med eigne sterke røynsler frå opplevingar på fjellet i møte med Gud – i både storm og stille, med jordskjelv og eld, røyk og skyer. At akkurat desse står der, lekamleggjorde og synlege, understrekar for oss at Gud er den same til alle tider. Han elsker oss og vil oss vel. Det kjem til syne både i den gamle pakta og i den nye. Han er nidkjær og tre gonger heilag til alle tider. Gjennom heile den gamle pakta openberrar Herren sine frelsesplanar gjennom det utvalde jødiske folket. Her er det synleggjort med Moses og Elias. Dette må me frimodig halda fram særleg no etter ein periode der det faktisk har vorte debattert om Det gamle testamente skal ha ein plass i gudstenester og møte.

Men til slutt er det Jesus Messias som står att åleine. Ingen andre var å sjå. For to månadar sidan feira me at Han er komen, Guds Son. Gud er inkarnert, lekamleggjort. Han er vorten som ein av oss, han er vorte ein av oss. Han kom til oss, og er med oss og for oss, både jødar og heidningar. Det er ikkje frelse i noko anna namn. Men det er nok det som Jesus gjorde.

God helg!

Paul Odland

Pensjonist. Tidlegare misjonsrådgjevar i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

paul.odland@lyse.net